

# OSTERØY KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saksnr	Sbh
Plan- og kommunalteknisk utval	22.08.2012	081/12	MANE
Plan- og kommunalteknisk utval	19.09.2012	089/12	MANE

Saksansvarleg Marit Nedreli	Arkiv: GBN-105/26 Objekt:	Sak ID 11/2703
--------------------------------	------------------------------	-------------------

### 105/26 - BERNES YTRE - SØKNAD OM DISPENSASJON TIL OPPFØRING AV KAI, RORBU OG GARASJE

Ansvarleg søkjar: Hansen & Eknes AS, 5282 Lonevåg.

Tiltakshavar: Harald thor Straten, Sjøkrigsskoleveien 8c, 5164 Laksevåg.

Søknaden motteke: 18.01.2012 med tillegg motteke 16.03.2012 og 12.04.2012.

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

”Det vert ikkje gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 1-8, 11-6 og 11-7 til oppføring av rorbu på gnr. 105, bnr. 26, jf. § 19-2.

Det vert gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 1-8, 11-6 og 11-7 til oppføring av naust på inntil 40 m<sup>2</sup> BRA/BYA, gangveg, kai og utlegging av flytebryggje på gnr. 105, bnr. 26, jf. § 19-2.

Det vert gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 1-8, 11-6 og 11-7 til oppføring av hytte med garasje på omsøkt stad for garasje på gnr. 105, bnr. 26, jf. § 19-2.

Det må søkjast om løyve til oppføring av tiltaka, jf. plan- og bygningslova § 20-1.”

#### 22.08.2012 PT-081/12 UTVALET SI HANDSAMING:

Dispensasjonssøknad av 18.01.12, ikkje off. dokum., off.l. § 13, vart delt ut til møtet. Saka vart i medhald av kommunelova § 31.3 handsama i lukka møte og vart handsama til slutt i møtet (etter sak 85/12).

-----  
Leiar gjorde slikt framlegg: ”Saka vert utsett for synfaring.”

#### AVRØYSTING

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

#### 19.09.2012 PT-089/12 UTVALET SI HANDSAMING:

Før handsaminga vart det halde synfaring for utvalet.  
-----

Knut Riple, FRP, gjorde slikt framlegg: ”Det vert gjeve løyve som omsøkt. Grunngeving: Særskild grunn, jfr. til brev av 01.11.11 frå tiltakshavar.

Leiar gjorde slikt framlegg: ”Saka vert handsama i lukka møte i medhald av kommunelova § 31.3.”

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegget og møtet vart deretter lukka.

-----  
Øystein Borge, AP, gjorde slikt framlegg om endring i framlegg til vedtak: ”..... Det vert gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 1-8, 11-6 og 11-7 til oppføring av naust på inntil 40 m<sup>2</sup> BRA/BYA, gangveg, kai med universell utforming på gnr. 105, bnr. 26, jf. § 19-2. ....”

## AVRØYSTING

### Alternativ avrøysting

Knut Riple sitt framlegg	-	2 røyster (1FRP,1H)
Rådmannen sitt framlegg	-	3 røyster (3AP)

Rådmannen sitt framlegg med slik endring som foreslått av Øystein Borge røyster	-	vedteke med 3 røyster (3AP) mot 2 (1H,1FRP)
---	---	---

-----  
Plan- og kommunalteknisk utval har etter dette gjort slikt vedtak:

**”Det vert ikkje gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 1-8, 11-6 og 11-7 til oppføring av rorbu på gnr. 105, bnr. 26, jf. § 19-2.**

**Det vert gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 1-8, 11-6 og 11-7 til oppføring av naust på inntil 40 m<sup>2</sup> BRA/BYA, gangveg og kai med universell utforming på gnr. 105, bnr. 26, jf. § 19-2.**

**Det vert gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 1-8, 11-6 og 11-7 til oppføring av hytte med garasje på omsøkt stad for garasje på gnr. 105, bnr. 26, jf. § 19-2.**

**Det må søkjast om løyve til oppføring av tiltaka, jf. plan- og bygningslova § 20-1.”**

## FAKTA

Det vert synt til dispensasjonssøknad med vedlegg motteke 18.01.2012.

Tiltaket på land ligg i arealdelen i kommuneplanen i LNF-område og i 100-metersbelte langs sjø, og i sjø er område merka som Fleirbruksområde for friluftsliv, ferdsle, fiske og natur (FFFN).

Det er krav om dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 1-8 11-6 og 11-7, jf. § 19-2.

Saka er send til uttale til Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, Stiftelsen Bergens sjøfartsmuseum, Kystverket vest og Fiskeridirektoratet region vest.

Stiftelsen Bergens sjøfartsmuseum og Kystverket vest har ikkje merknader til søknaden.

Fylkesmannen i Hordaland syner mellom anna til riving av eksisterande naust. Det er ikkje oppført naust på gnr. 105, bnr. 26, så dette må vera ein feil. Fylkesmannen syner vidare til at



oppføring av rorbu og kai vil verke privatiserande og setje omsyna til strandsona vesentleg til side. Fritidsbustad i strandsona vil vere ei uheldig forvaltning av strandsona som ikkje kjem allmenta til gode. Fylkesmannen i Hordaland rår i frå at det vert gjeve dispensasjon. Dersom søknaden vert endra til utlegg av ein mindre kai vil Fylkesmannen derimot ikkje ha vesentlege merknader til saka, og den omsøkte garasjen kan godkjennast.

Fiskarlaget vest syner til at det omsøkte området ligg i ytterkant av eit registrert gytefelt. Sidan det allereie er etablert naust og kaiar i nærområdet går dei likevel ikkje imot søknaden.

Fiskeridirektoratet region vest syner til Fiskarlaget vest sin uttale i saka og har ingen andre merknader.

Det er ikkje søkt om løyve til oppføring av tiltak, jf. plan- og bygningslova § 20-1.

## **RÅDMANNEN SI VURDERING**

Saka gjeld søknad om dispensasjon til oppføring av rorbu med naust i 1. etasje og bustad/hytte i 2. etasje, kai, flytebryggje, gangveg og garasje.

Grunngjeving for dispensasjonssøknaden er mellom anna at det gjeld ei frådelt hyttetomt der det tidlegare har vore gjeve byggjeløyve til oppføring av hytte og garasje, tomta er utsprengd, det ligg fleire fritidsbustader og naust i område, universelt utforma tiltak og slektskap til området.

Rådmannen legg til grunn at det for strandsona i Osterøy kommune ikkje er høve til å føre opp bustad og fritidshus i strandsona, eventuelle naust skal nyttast til oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap, og eksisterande naust kan ikkje omdisponerast til bustad eller hytte, jf. kommuneplan. Vidare vert det lagt til grunn at det er grenser for kor store naust som kan tillatast, sjå kommuneplanføresegn punkt 5.4.

Rådmannen vurderar at når det gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av rorbu vert omsynet bak reglane vesentleg tilsidesett. Etter ei samla vurdering rår rådmannen til at det ikkje vert gjeve dispensasjon til oppføring av den omsøkte rorbua.

Sidan det gjeld ei frådelt tomt der det tidlegare har vore gjeve byggjeløyve, og eigedomen ligg i eit område der det er oppført fleire andre naust og fritidsbustader, vurderar rådmannen at det kan gjevast løyve til delar av tiltaket. Mellom anna er det på gnr. 105, bnr. 17 og på gnr. 105, bnr. 21 oppført naust. Ut frå likehandsamingsprinsippet vurderar rådmannen at det kan gjevast dispensasjon til oppføring av hytte med garasje på den omsøkte staden for garasje og naust på den omsøkte staden for rorbu. Storleiken på naustet skal vera innanfor rammene i kommuneplanføresegn punkt 5.4. Etter ei samla vurdering rår rådmannen til at det kan gjevast dispensasjon til oppføring av hytte med garasje og naust på 40 m<sup>2</sup>.

Rådmannen vurderar at eit universelt utforma uteområde kan vera av allmenn interesse dersom området ikkje er privatisert. Naust og kaiar kan for enkelte verka privatiserande, men utgangspunktet er at det skal vera mogeleg for ålmenta å ferdast rundt og ved naust, og difor skal det ikkje setjast opp stengsler, sjå kommuneplanføresegn punkt 5.3. Rådmannen legg til grunn at det ikkje er så enkelt å ferdast i strandsona, jf. ortofoto og skråfoto. Etablering av kai kan dermed letta tilgangen til sjø for ålmenta. Etter ei samla vurdering rår rådmannen til at det kan gjevast dispensasjon til etablering av kai og utlegging av flytebryggje. Det framgår ikkje klårt av teikningane kor stor kaien er i kvadratmeter, men med utgangspunkt i Fylkesmannen i Hordaland sin uttale, bør storleiken på kaien vurderast og reduserast.

Dato for saksutgreiing: 03.08.2012.


### **Trykte vedlegg:**

Dispensasjonssøknad (vert utdelt i møte)

Situasjonsplan, teikningar og fotomontasje  
Kommuneplan  
Ortofoto og skråfoto



# SØKNAD 2012



# OSTERØY KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saksnr	Sbh
Plan- og kommunalteknisk utval	22.08.2012	081/12	MANE
Plan- og kommunalteknisk utval	19.09.2012	089/12	MANE
Plan- og kommunalteknisk utval	14.11.2012	130/12	MANE

<b>Saksansvarleg</b> Marit Nedreli	<b>Arkiv:</b> GBN-105/26 <b>Objekt:</b>	<b>Sak ID</b> 11/2703
---------------------------------------	--	--------------------------

### 105/26 - BERNES YTRE - SØKNAD OM DISPENSASJON TIL OPPFØRING AV KAI, RORBU OG GARASJE - KLAGE

Ansvarleg søkjar: Hansen & Eknes AS, 5282 Lonevåg.

Tiltakshavar: Harald thor Straten, Sjøkrigsskoleveien 8c, 5164 Laksevåg.

Klagar: Harald thor Straten, Sjøkrigsskoleveien 8c, 5164 Laksevåg.

Klage motteke: 12.10.2012.

#### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

”Plan- og kommunalteknisk utval sitt vedtak av 19.09.2012, saksnr. 089/12 vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teke til fylgje.

Saka vert send Fylkesmannen i Hordaland for avgjerd, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltingslova § 33.”

#### 14.11.2012 PT-130/12 UTVALET SI HANDSAMING:

Til møtet vart brev av 08.10.12, ikkje off. dokum., off.l. § 13, 1. ledd, frå Harald thor Straten delt ut.

-----  
Knut Riple, FRP, gjorde slikt framlegg (som i møtet 19.09.12): ”Det vert gjeve løyve som omsøkt. Grunngeving: Særskild grunn, jfr. brev av 01.11.11 frå tiltakshavar.”

-----  
Saka vart no i medhald av kommunelova § 31.3 handsama i lukka møte.  
-----

#### AVRØYSTING

##### Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg - 3 røyster (3AP)  
K. Riple sitt framlegg - 2 røyster (1FRP,1H)

-----  
Utvalet har etter dette gjort slikt vedtak:



**”Plan- og kommunalteknisk utval sitt vedtak av 19.09.2012, saksnr. 089/12 vert oppretthalde. Klagen vert ikkje teke til fylgje.**

**Saka vert send Fylkesmannen i Hordaland for avgjerd, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltingslova § 33.”**

## **SAMANDRAG**

Saka gjeld søknad om dispensasjon til oppføring av kai, rorbu og garasje på gnr. 105, bnr. 26. Plan- og kommunalteknisk utval har i møte 19.09.2012 gjeve dispensasjon til naust, gangveg og kai med universell utforming og hytte med garasje. Det vart ikkje gjeve dispensasjon til oppføring av rorbu.

Tiltakshavar har i brev av 08.10.2012 klaga på vedtaket.

## **FAKTA**

Dispensasjonssøknaden gjeld tiltak på gnr. 105, bnr. 26 som ligg innanfor 100-metersbelte langs sjø og i arealdelen i kommuneplanen ligg tiltaket på land i LNF-område og i sjø i Fleirbruksområde for friluftsliv, ferdsle, fiske og natur (FFFN).

Der er difor krav om dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 1-8, 11-6 og 11-7, jf. § 19-2.

Kommunen har ikkje motteke søknad om løyve til tiltak.

## **RÅDMANNEN SI VURDERING**

Det er i klagen mellom anna synt til at fylkesmannen er meir imøtekomande enn kommunen, prinsipp er viktigare enn tilrettelegging, uttalesaka var mangelfullt dokumentert, slik området ligg er det ingen nytte av strandsona og arealet kan ikkje nyttast då tomte er ei steinur etter tidlegare sprenging.

Ved oversending av uttalesak, vart Fylkesmannen i Hordaland sine rutinar nytta, jf. brev frå Fylkesmannen i Hordaland av 08.03.2011.

Rådmannen legg til grunn at i 100-metersbelte langs sjø er det forbod mot tiltak, jf. plan- og bygningslova § 1-8. Forbodet kan fråvikast ved kommuneplan og reguleringsplan, jf. plan- og bygningslova § 1-8, 3. ledd. Det må dermed vere fastsett i plan dersom forbodet mot bygging innanfor 100-metersbelte skal falle bort.

Osterøy kommune har i kommuneplan fastsett at byggjegrensa i strandsona er 100 meter, dersom ikkje anna er fastsett i reguleringsplan eller kommuneplan, jf. kommuneplanføresegn punkt 1.5, 1. punktum. Det er berre i enkelte byggeområde for bustad, fritidsbustad, næring og LNF-område der spreidd bustadbygging er tillete at det er fastsett andre byggjegrensar mot sjø, jf. føresegn punkt 1.5.

Dei omsøkte tiltaka ligg ikkje i byggeområde, men i LNF-område der berre nødvendige tiltak for landbruk er tillete, jf. kommuneplanføresegn punkt 4.2. Tiltaka er dermed i strid med plan- og bygningslova § 1-8, jf. kommuneplanføresegn punkt 1.5, og det er krav om dispensasjon.

Ved dispensasjonsvurdering har kommunen etter ei konkret vurdering likevel gjeve dispensasjon til oppføring av tiltak som naust, bustad eller fritidsbustad i strandsona, dersom den omsøkte tomte alt er frådelt til føremålet. Ut frå likehandsamingsprinsippet vart det difor vurdert at det i denne saka kan gjevast dispensasjon til oppføring av naust på inntil 40 m<sup>2</sup>,

hytte og garasje. I tillegg var det særlege tilhøve som etter ei samla vurdering medførte at det i denne saka og vart gjeve dispensasjon til gangveg og kai med universell utforming.

Rådmannen kan ikkje sjå at det er tilsvarende saker der det har vore gjeve dispensasjon til oppføring av rorbu. Arealdisponeringsomsyna som kommuneplanen skal ivareta vert råka, og ein eventuell dispensasjon vil undergrave planen som informasjons- og avgjerdgrunnlag. Ut frå omsynet til offentleggjering, samråd og medverknad i planprosessen er det viktig at endringar i kommuneplanen skjer etter dei reglar som er fastlagd i høve kommuneplanlegging og reguleringsplanar, og ikkje ved dispensasjon. Rådmannen finn etter ei samla vurdering at det ikkje er grunnlag for å gje dispensasjon til oppføring av rorbu

Det vert lagt til grunn at dersom tiltakshavar ynskjer ei anna utnytting av tomta enn det som fylgjer at kommuneplanen og dispensasjonsvedtak, må eigedomen eventuelt regulerast til byggeområde, jf. plan- og bygningslova kap. 12.

Rådmannen kan ikkje sjå at det har kome nye moment i klagen som endrar vurderinga av dispensasjonssøknaden.

Rådmannen rår til at klagen ikkje vert teken til fylgje og vedtak av 19.09.2012, saksnr. 089/12 vert oppretthalde. Saka vert send Fylkesmannen i Hordaland for avgjer, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltingslova § 33.

Dato for saksutgreiing: 29.10.2012.

**Trykte vedlegg:**

Klage (vert utdelt i møte)

Vedtak av 19.09.2012, saksnr. 089/12

Kommuneplanføresegn punkt 1.5 og 4.2.





## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Laila Pedersen Kaland, 5557 2373

Vår dato  
03.01.2013  
Dykkar dato  
22.11.2012

Vår referanse  
2012/15350 423.1  
Dykkar referanse  
11/2703

Osterøy kommune  
Rådhuset  
5282 Lonevåg

### Osterøy - Gnr 105 bnr 26 – Avslag på dispensasjon for rorbu

Me viser til ekspedisjon frå Osterøy kommune, mottatt av Fylkesmannen i Hordaland 26.11.2012.

#### Vedtak:

**Fylkesmannen stadfester vedtak frå Osterøy kommune av 19.09.2012, sak PT-089/12.**

#### Bakgrunn for saka

Me legg til grunn at partane er kjende med saksdokumenta, og dei faktiske tilhøva i saka. Me vil likevel kort nemna følgjande frå den tidlegare handsaminga av saka:

Osterøy kommune gav 19.09.2012, i sak PT-089/12, avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av rorbu på egedomen gnr 105 bnr 26. Det vart gitt dispensasjon for hytte med garasje, gangveg, kai, flytebrygge og naust.

Avslaget vart påklaga av tiltakshavar. I klaga vert det m.a. vist til at prinsipp ser ut til å vera viktigare enn å leggja til rette for nødvendige behov. Klagar visar vidare til behovet for tiltaket, og ønsket om størst mogleg funksjonell nytte av egedomen for familien. Vidare vert det vist til at området ikkje kan nyttast då tomta er ei steinur etter tidlegare utført sprenging.

Plan- og kommunalteknisk utval opprettheldt vedtaket 14.11.2012, under sak PT-130/12. Klaga vart ikkje teken til følgje. Saka vart deretter sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagehandsaming.

#### Fylkesmannen sitt syn på saka

Egedomen ligg i eit landbruk,- natur- og friluftsområde (LNF) i arealdelen av kommuneplanen. Tiltaket ligg vidare innafor byggeforbodssona frå sjø. Omsøkte tiltak er difor avhengig av dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og frå byggeforbodet i pbl § 1-8, jf plan- og bygningslova 2008 (pbl) § 19-2 for å kunne godkjennast.

Kommunen kan berre dispensera dersom omsynet bak planføresegnene og plan- og bygningslova sine formål, samt pbl § 1-8 ikkje vert vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vera klart større enn ulempene, jf pbl § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vera kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men blir handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf Ot.prp. 32 (07-08) s. 242.

Relevante omsyn bak LNF-formålet vil vere omsynet til natur- og kulturmiljø, landskapsomsyn og omsynet til landbruksinteresser. Det følgjer av pbl § 1-8, 2.ledd at det ikkje er høve til å føra opp nye tiltak nærare sjøen enn 100m. Denne føresegna skal sikre at ein tek tilstrekkeleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenne interesser. Byggeforbodet vernar om natur- og kulturmiljø, landskapsinteresser og skal sikra biologisk mangfald og allmenta sine ferdsels- og friluftinteresser.

I Ot.prp. nr 32 (2207-2008) er det opna for at der det ligg føre heilt spesielle sosialmedisinske, personlege og menneskelege omsyn, kan slike omsyn tilleggjast vekt. Det vert likevel understreka at slike omsyn normalt ikkje har avgjerande vekt i dispensasjonssaker. Fylkesmannen har forståing for dei særskilte behova som gjer seg gjeldande i denne saka, men kan ikkje sjå at desse vert avgjerande for spørsmålet om ein skal gi dispensasjon.

Fylkesmannen vil vidare peika på at Osterøy kommune har gitt dispensasjon for ei rekkje tiltak på eigedomen, som sikrar tilgang til sjø i form av gangveg og kai, samt at det også er gitt dispensasjon for hytte og garasje. Forholda skulle såleis ligga til rette for ein tenleg bruk av eigedomen, også utan rorbu.

Den omsøkte rorbua er vidare 70m<sup>2</sup> i to høgder og vil skilja seg negativt ut i høve til omgjevnadene på grunn av storleiken. I tillegg vil eit slikt tiltak verka privatiserande på det næraste strandsonearealet. Om ikkje det området som er planlagt utbygd er det enklast tilgjengelege, så vil ein også privatisera tilstøytande landareal og eventuelt kaiareal i tilknytning til rorbua.

Kommunen opnar for at det kan oppførast naust på omsøkt plassering dersom naustet er innafor rammene i arealdelen av kommuneplanen. Kommunen viser til at det er gitt dispensasjon for enkelte naust i kommunen, men ikkje for rorbuer. Fylkesmannen vil peika på at den einskilde eigedomen ikkje kan sjåast på isolert, men som ein del av ein større heilskap. Konsekvensane av ein eventuell dispensasjon er eit moment i denne vurderinga, og ein dispensasjon til rorbu i denne saka kan skape presedens i høve til andre søknader om dispensasjon. Det vil kunne svekka kommuneplanen som eit styringsverktøy for kommunen. Skal ein opna for bygging av rorbuer, bør det skje gjennom rullering av arealdelen til kommuneplan eller reguleringsplan for å få vurdert større områder under eitt, og for å sikre offentleg medverknad.

Fylkesmannen i Hordaland har vidare uttalt seg negativt til søknaden om rorbu. Det følgjer av pbl § 19-2 fjerde ledd andre setning at kommunen då normalt ikkje bør dispensera. Det vil då vera regionale eller nasjonale interesser som tilseier at ein ikkje skal dispensera.

Etter dette er omsyna bak planformålet i arealdelen av kommuneplanen vesentleg tilsidesett, og dispensasjon kan ikkje gis for oppføring av rorbu.

Fylkesmannen har med dette vurdert tilhøva i saka, og klagar sine merknader. Dei faktiske og rettslege sidene av saka gir ikkje grunnlag for å endra vedtaket til Osterøy kommune av 19.09.2012, i sak PT-089/12.

Fylkesmannen sitt vedtak er endeleg og kan etter forvaltningslova § 28, 3.ledd ikkje påklagast vidare.

Med helsing

Else-Kristin Foss Vikenes e.f  
avdelingsdirektør

Laila Pedersen Kaland  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:


Hansen & Eknes AS  
Harald Thor Straten

Flatevad  
Sjøkrigsskoleveien 8C

5282 LONEVÅG  
5164 LAKSEVÅG



omsøkt



X 6724200

X 6724200

X 6724100

X 6724100

X 6724000

Y 308400

Y 308500

Y 308400

105/15

105/21

105/17

105/5

105/26

105/53

105/44


105/10

105/11



Kommuneplan gnr. 105, bnr. 26, Bernes  
Grensene i kartet kan innehalda feil  
Ekvidistans 5 meter  
12.03.2012  
Målestokk 1:1000  
Osterøy kommune





Kommuneplan gnr. 105, bnr. 26, Bernes Grensene i kartet kan innehalda feil Ekvidistanse 5 meter 12.03.2012 Målestokk 1:5000 Osterøy kommune
--



omsøkt



Ortofoto gnr. 105, bnr. 26, Bernes  
Grensene i kartet kan innehalda feil  
Ekvidistans 5 meter  
12.03.2012  
Målestokk 1:1000  
Osterøy kommune



omsøkt



Ortofoto gnr. 105, bnr. 26, Bernes  
Grensene i kartet kan innehalda feil  
Ekvidistanse 5 meter  
12.03.2012  
Målestokk 1:5000  
Osterøy kommune